



## Time kommune

### Nye idrettshallar på Bryne stadion

Viser til brev frå kommunen datert 24. april 2019 med dykkar saksnummer 17/2109-42. Idrettsrådet vert invitert til å gje høyringsuttale i saka om nye idrettshallar på Bryne stadion. I samarbeidsavtala mellom Time kommune og Time idrettsråd står det at «Kommunen innhenter høyringsuttaleles fra idrettsrådet i saker som gjelder idretten»

Styret i Time idrettsråd har handsama saken i ekstraordinært styremøte søndag 28. april.

Kommunen har ikkje trekt fram spesifikke spørsmål ein ynskjer idrettsrådet sin uttale om, men styret meiner at det vil vera naturleg å meina noko om fylgjande:

- Behov for hallkapasitet i Bryne
- Stadionhallane vs andre private anlegg

### Behov for hallkapasitet i Bryne

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026 blei vedteken av eit samla kommunestyre. Det blei gjort eit grundig arbeid før planen ble utarbeida, ikkje minst med å kartlegga behovet for nye fleirbrukshallar i Bryne.

I kapittelet «Innsatsområde anlegg» står det «*For å dekkja behovet for fleirbrukshallar på Bryne i planperioden er det behov for tre nye hallar.*».

Det er vedteke å bygga ny fleirbrukshall og turnhall saman med Klepp kommune i Vardheia. Hallane skal naturleg nok delast med Klepp og gjev difor netto tilgang av aktivitetsflate tilsvarande ein hall.

Rådmannen foreslår å avslå Bryne FK sitt tilbod om to fleirbrukshallar og i staden ersatta desse med ein kommunal hall.

Time idrettsråd vil sterkt tilrå at kommunen nå nyttar høvet til å oppfylle målsetninga i kommunedelplanen. Det kan ein gjera ved å inngå avtale om leige av hallar på stadion eller ved å oppskalera rådmannen sitt forslag om hall på Time vidaregåande-tomta til å omfatta to hallar (eller ein hall med dobbelt areal).

I Rådmannen sitt saksframlegg er ikkje problematikken med tilgang til den fylkeskommunale Brynehallen tillagt vekt. Rogaland fylkeskommune ynskjer å kreve kommunane for leige for sine idrettshallar samstundes som dei ynskjer å begrensa opningstida. For Brynehallen er det forslag om ei årelg leige på kr 895 000 frå og med 1. januar 2020. Vidare blir det foreslått at

hallen skal haldast stengt i 18 veker per år.

Idrettsrådet meiner at det ikkje vil vera fornuftig å gjera seg avhengig av den fylkeskommunale hallen for å sikra tilgang til speleflater i Bryne. Husleiga kan bli høg og tilgangen begrensa. Det verste senarioet idrettsrådet ser føre seg er at kommunen bygger en kommunal hall, men at ein i neste omgang ikkje finn pengar til å leige frå fylkeskommunen. Då får ein ingen auke i treningsflater. Idrettsrådet meier at det vil vera betre å legga ressursane i anten å inngå avtale med Bryne FK om leige eller å bygga to hallar i kommunal regi.

I kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er klatrevegg nemd som eit anlegg ein ikkje har i kommunen. I tilbodet frå Bryne FK («fullskala-tilbodet») er det teke med ein vegg på heile 13-meter. Klatrevegg er eit anlegg som tiltrekk seg mange uorganiserte barn og unge. Det er difor sterkt ynskjeleg – i eit aktivitets- og folkehelseperspektiv- å få eit slikt anlegg til Bryne.

Idrettsrådet meiner at ein bør nytte høvet til å få på plass ein skikkelig klatrevegg og at dette bør inkludrast i anlegget på Time vidaregåande-tomta dersom ein avslår tilbodet frå Bryne FK.

#### Sluttkommentar om hallkapasitet

Idrettsrådet meiner at ein bør halda seg til intesjonen i kommunedelplanen. Det er behov for ei sterk auke i hallkapasitet på Bryne. Dette vil gje eksisterande idrettslag meir treningstid og difor betre tilbod til barn og unge som vil driva aktiv idrett. Samstundes vil det og gjera det mogleg for alternative og mindre idretter til å etablera seg. Og sist men ikkje minst, moglegheit for betre tilbod til lågterskelaktivitet og uorganiserte grupper.

### **Stadionhallane vs andre private anlegg**

Time idrettsråd har diskutert korleis ein ser på finansieringa av det omtalte anlegget på Bryne stadion samanlikna med andre private anlegg i kommunen. Idrettsrådet vel å dela dette i fire tema.

#### Spelemiddel

I Time kommune har ein i fleire år hatt ein god ordning der kommunen har forskotert spelemidlar. Det betyr at det er ingen idrettslag som står i kø og ventar på utbetaling. Idrettsrådet ser difor ikke at prosjektet på stadion er problematisk for andre av våre medlemslag

#### Kommunal andel

Kommunen har dei siste åra bidrege med 1/3-del av kostnadane til private idrettsanlegg begrensa oppad til lik som spelemidlar. Idrettsrådet kan heller ikkje her sjå at stadionprosjektet på kort sikt vil ha negativ verknad for andre planlagde anlegg.

Idrettsrådet ser likevel at stadionprosjektet er så stort at det kan gjera det vanskeleg for kommunen å oppretthalda denne ordninga – i alle fall fram til myndighetene har betalt ut spelemidla for prosjektet. Rådmannen bereknar at det kan ta inntil 5 år.

#### Kommunal garanti

Det har ikkje vore vanleg at kommunen har gitt kommunal garanti for lån til private idrettsanlegg. Time idrettsråd ser at andre idrettslag i kommune også vil ha ønske om tilsvarande i framtidige prosjekt. Idrettsrådet meiner på prinipielt grunnlag at det ikke er ulogisk at kommunen stiller slike lånegarantier. Idrettslaga som bygger private anlegg gjer dette for fellesskapet og påtek seg langt på veg ein kommunal oppgåve. Idrettsrådet vil minna om at i dei aller, aller fleste norske kommunane er bygging av anlegg ein offentlig oppgåve.

#### Kommunal leige

Idrettsrådet finn det ikkje problematisk om kommunen skulle inngå ein leigeavtale med Bryne FK slik som det er omtalt i saka.

Den årlege leiga er vesentlig høgare enn det dei to private hallane får i driftstilskot, men idrettsrådet erkjenner at ein ikkje klarer å få dette 100 % likt eller rettferdig. Allerede i dag er idrettslagene som har eige anlegg underfinansierte i forhold til dei som nytter kommunale anlegg. For idrettsrådet er det en prioritert oppgave å arbeida for auke i den kommunale bevilgninga til drift av private anlegg, men det tilhøyrrer ein annan diskusjon.

Idrettsrådet ser at for å kunne gje eit godt og mangfoldig tilbud til flest mulig av våre innbyggjarar vil det ikke være tilstrekkeleg å basere alt på frivillighet. Vi ser at dette spesielt er vanskeleg i Bryne der særvidrettslaga har begrensa ressursar til å driva anleggsutvikling. Dette gjeld både Rosseland ballklubb, Bryne friidrett, Bryne håndballklubb og de andre innendørsklubbene.

Sundag 28. april

#### Time Idrettsråd

Staale Grude Haaland

David Ponce

Ann Kristin Lystrup

Anna Magnussen Vik

Bjørn Erik Ualand

Cathrine Tjessem

Cathrine Baklund